



Tømmerlageret på Børnes er stort no om dagen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er lenge sidan det har vore så gode prisar på til dømes massevirke av furu som no. Det fastslår Iver Blokkum i Vestskog.

Betydeleg tømmertransport over Børnes kai om dagen fortel om relativt omfattande hogst og stigande prisar.

Også tidlegare i år konstaterte Vestskog at det var prisoppgang og lett avsetnad av dei fleste treslag og sortiment.

Tømmeret på Børnes kjem frå store delar av Kvinnherad - til dømes Fjellberg, Husnes, Herøysund, Valen og Utåker, fortel Blokkum..

Grunnen till at tømmeret frå Fjellberg blir sendt over Børnes er at dei manglar tømmerkai på øya.

På Borgundøy har dei i gang ei drift av 1.000 kubikkmeter, men der har dei eigen tømmerkai.

Per Rekve i Vestskog antar at det så langt er avvirka rundt 5.000 kubikkmeter i Kvinnherad kommune i år. Tidlegare har ein vore så høgt som 10.000 kubikkmeter og Rekve ser ikkje bort ifrå at dette kvantumet kan bli nådd også i 2010.

Etterspørselen er stor og prisane stig inn i det nye kvartalet.

Av Ola Matti Mathisen